



Den algoritmiske tenkaren

Algoritmisk tenking er ein problemløysingsmetode. Algoritmisk tenking inneber å nærme seg problem på ein systematisk måte, både når vi formulerer kva det er vi ønsker å løyse og når vi foreslår moglege løysningar. Litt forenkla kan vi seie at det er 'å tenke som ein informatikar' når vi skal løyse problem eller oppgåver.

Å tenke algoritmisk er å vurdere kva for steg som skal til for å løyse et problem, og å bruke den teknologiske kompetansen sin for å få ein datamaskin til å løyse (delar av) problemet. I dette ligg også ei forståing av kva slags problem/oppgåver som kan løysast med teknologi og kva som bør overlatast til menneske. Algoritmisk tenking er den norske omsettinga av det engelske omgrepet *computational thinking*.